

Guvernørens månadsbrev for juli D2275

Mitt første månadsbrev kjem noko forsenka, men håpar eg blir tilgjeven for det.

Heldigvis har vi fått samla gode folk for å lede distriktet. Takk til alle som bidreg. Planlegginga har forsegått eit år. 1. juli vart det sett punktum for planlegginga, og vi hadde ei fin samling med guvenørskifte i Surnadal. Sølvkjedet skifta havn, og både kjedet og oppgåva som ligg framfor tyngar no. Framover skal vi bygge og drive den viktige organissajonen, og fremme Rotary sine visjoner og mål.

I godværet den 1.juli startet vi samlinga med ledermøte for distriktet. Etter møtet hadde vi middag, med gjester. Til sammen vart vi 27 til bords. Stemninga var god, og fleire fekk blomster for sitt arbeid. Kristiansund Rotaryklubb fikk gave og blomster i anledning sin 75 årsdag. Thor Granum har gjort ein bra innsats for å få fart på klubbane etter pandemien. Dette set vi pris på, og han vart hylla for innsatsen.

Bruk distriktets Håndbok for å finne nyttig informasjon som ligg på Distriktets side <https://d2275.rotary.no/> Her finns nyttig og interessang informasjon. Her kan du også finna kven du kan kontakte i distriktsorganisasjonen innenfor de ulike fagområda.

PETS 1-3 april.

Målet for årets PETS var å styrke distriktets evne til å auke medlemstalet. Derfor vart det fokus på ungdomsarbeid som ungdomutveksling og Rotaract, samt klubbutvikling og etablering av nye klubbar i tillegg til rekrutering i eigen klubb. Sjølv sagt var også TRF godt promotert, og gode prosjekt vart skildra. Stemninga i salen var god, og det vart ei bra helg i Stjørdal 1.-3. april. Desverre kom det ikkje folk frå nordre del av distriktet, der vi står svakast. Her må vi arbeide godt, slik at alle blir med på laget.

Huston 3-9 juni.

Veka i Huston var veldig inspirerende. Synd ikkje enda fleire får bli med på ei slik storveies hending. For når du sit der i lag med 11000 andre rotarianara med felles målsetting, og får føling med kva folk vi har på toppen av organissasjonen vår. Det var hærleg å vandre rundt i lag med så mange gode rotaryfolk.

Det var varmt i Huston i juni (35-37°C), medan innandørs var tempraturen 17-18°C, så kortbrok vart ubekvemt. Sjølv om det var varmt ute, følte det rart at det ikkje var råd å få servering utandørs, under den svale kveldssola.

Distriktskonfransen 2022

Blir halde i Surnadal 1.-2. oktober, Dei fleste har så lang reise at vi tek sikte på ankomst fredag 30. september. Vi gler oss veldig, og forberedalsene er i full gang, og blir sikkert ikkje heilt ferdig før 1. oktober. Med gjester frå heile distriktet og sonen, og 29 internasjonale ungdomar på ungdomsutveksling blir det heilt sikkert god trivsel.

Sommaren går fort, og ein travel haust står framfor oss.

Med helsing
Trygve Roaldset
Distriktsguvernør 2022-2023
Rotary Distrikt 2275

Mobil: +47 900 63 534
Mail: trygveroaldset@gmail.com

